



Dato: 27.03.2014
Vår ref.: 2014/1229918
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Utlysing av middel til normalladestasjonar - kommunar

For å redusere utsleppa frå transportsektoren med 20% innan 2020 støttar Hordaland fylkeskommune mellom anna utbygginga av ladeinfrastruktur for elbilar. I tråd med vedtak 64/13 «Klimaplanens handlingsprogram 2014» frå Fylkestinget 10.12.13 set vi fokus på lademoglegheiter i offentleg rom.

Vedlagt kart er eit forslag til plassering av lademoglegheiter i fylket som viser det planlagde omfanget. Vi innbyr alle kommunar til å analysere trongen for normallading for kommuneadministrasjonen og befolkninga: Kor mange ladestasjonar trengest og kor? Ein ladestasjon er her definert som ein ladeboks/-stolpe med to uttak og to parkeringsplassar.

Kommunane kan søkje om tilskot til etablering av ladestasjonar som oppfyller følgjande krav:

- Stasjonen vert registrert på www.nobil.no.
- Stasjonen er offentleg tilgjengeleg. Plassen må vere regulert for parkeringsføremål med godkjent åtkomst til/frå offentleg veg.
- Parkeringsplassane er reservert for elbilar og dette er merka med skilt.
- Parkeringsplassane er gratis.
- Ladeboksen/-stolpa eller området er mogleg å låse.
- Ladeuttaka er av type 2 mode 3 og førebudd for betalingsfunksjon.
- Installasjonen og utgifta er ferdig dokumentert innan 30. november 2014.
- Drifta vert garantert for minst 5 år.

Fyrste tildelingsrunde har søknadsfrist 31. mai.

Stønadene dekkjer opptil kr. 25 000 per ladestasjon (ein stolpe eller boks med to uttak og to parkeringsplassar). Ved særleg høve kan fylkeskommunen vurdere å fullfinansiere ladestasjonar i kommunesentra. Viss det vert att middel vil vi ha ein utlysing til hausten òg.

Tilskot vert utbetalt etter stadfesta installasjon av autorisert elektrikar og innsendt rekneskap.

Kontaktperson: Einar Aalen Hunsager, e-post einar.aalen.hunsager@hfk.no, telefon 55239322.

Send søknadsskjema med vedlagt oversiktskart under overskrifta «LADE14 + Kommunenamn» til Hordaland fylkeskommune: hfk@hfk.no.

Gudrun Mathisen
leiar

Einar Aalen Hunsager
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Vedlegg